



Medlemer og varamedlemer

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2981 - 16/15786

Saksbehandlar:

Arne Johannes Riisnes

Arne.Risnes@lindas.kommune.no

Dato:

10.06.2016

Referat frå møte i FAU 06.06.16

Desse møtte: Karoline, Eli, Hege, Arne

Sak 24 / 2016 – 17: Innkalling og sakliste

Vedtak: Sakliste og innkalling vedteke.

Sak 25/ 2016 – 17: Gratisskuleprinsippet

Rektor orienterte kort om gratisskuleprinsippet som kort går ut på at skulegangen skal vere fri for elevane. Det vil seie at alle kostnader knytt til skulegangen skal dekkast av skuleeigar. FAU drog i tvil om absolutt alle utgifter var forbodne som mat eller anna hyggje. Gråsoner finst, men hovudprinsippet er at skulen skal kostast av det offentlege.

FAU spelte inn at lærar informerer om at Open office er tilgjengeleg for dei som ikkje har word. Dette er gratis og kan lastast ned.

Klassar / skulen kan ta imot gåver anten som sponing eller frivillige tilskot.

Vedtak: FAU tek orienteringa til etterretning.

Sak 26 / 2015 – 16: Mobil

Foreldre synest at det er greitt at lærar samlar inn telefonane og er villige til å skrive under på det. Spørsmålet er berre om skule eller FAU eller andre vert erstatningsansvarlege.

Vedtak: FAU sluttar seg til dette.

Sak 27 / 2015 – 16: Klassekontaktkurs

Det bør gjennomførast

Vedtak: FAU ber rektor gjennomføre dette i august/september.

Sak 28 / 2015 – 16: Val av ny klassekontakt / FAU – leiar i 8a/9a.

Vedtak: Nye klassekontaktar vert valde til hausten.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Sak 29 / 2015 – 16: Klassekasse og inntekter

Det er ei stendig utfordring å skaffe inntekter for klassane i høve klasseset / klassekasse. Det er alltid kjekkare å kunne selje noko som er verd å ha – og som sjølvstøtt gir pengar i kassa.

Vedtak: FAU ber om at dette kjem opp at på klassekontaktmøtet.

Sak 30 / 2015 – 16: Rekneskap

Rekneskapen vart delt ut og kommentert.

Vedtak: FAU tek rekneskapen til etterretning.

Sak 31 / 2015 – 16: Evaluering av 2015 – 16.

FAU evaluerte arbeidet dette året.

Evalueringa ligg ved.

Vedlegg: Årsevaluering

Med helsing

Arne Johannes Riisnes
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Medlemer og varamedlemer